



Kvinnherad kommune

Rådmannen
Samfunnsutvikling

Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Tlf.: 53 48 31 00

Fax: 53 48 31 30

Org. nr: 964 967 636

Bankgiro: 3460.07.00083

post@kvinnherad.kommune.no

www.kvinnherad.kommune.no

Lars Kåre Sjø
Postboks 42

5454 SÆBØVIK



Saksbehandlar
Jon Harald
Kjærland

Tlf. direkte innval
53483273

Vår ref.
2015/1602-2

Dato
11.06.2015

IGANGSETJINGSLØYVE TIL TILTAK UTAN ANSVARSRETT Svar på søknad om tiltak

Tiltak: Flytebrygge 2,5 meter brei og 12 meter lang.

Gnr/bnr: 196/48

Byggestad/adresse: Blokkebærholmen, Sæbøvik

Tiltakshavar: Lars Kåre Sjø

Delegert vedtaksnr.: 2015/301

Vedtak etter lov om hamner og farvatn:

Kvinnherad kommune gjev med heimel i havne- og farvannsloven § 9, 27 første ledd løyve til oppføring av flytebrygge med lengde 12 meter og bredde på 2,5 meter i samsvar med søknad journalført 11.06.2015 med tilhøyrande planar og teikningar godkjent med vedtaksnr 2011/572

Vilkår:

1. At det vert sendt inn melding vedlagt kart der tiltaket vert innteikna og nøyaktig posisjon til kaien oppgjeve i WGS 84. Meldinga sendast også til EFS/Statens Kartverk Sjø, Pb 60, 4001 Stavanger straks tiltaket er ferdig. Flytebryggja skal ikkje takast i bruk før slik melding er sendt.

Vedtak etter plan- og bygningsloven:

Med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 20-2 vert søknad journalført 11.06.2015 og tilhøyrande situasjonsplan og teikningar godkjent.

Det er tiltakshavar sitt ansvar at tiltaket vert utført i samsvar med vilkåra gitt i og i medhald av plan- og bygningslova. Tiltakshavar er òg ansvarleg for plassering i høgde og plan.

Vilkår:

1. Søknad om ferdigattest må sendast Kvinnherad kommune når tiltaket er ferdig utført.

Tiltaket kan igangsetjast straks.

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato, etter denne tid fell løyvet bort. Dersom føresetnadane vert endra i høve til dette løyvet, må det søkjast om endring av løyve.

Dette løyvet er eit enkeltvedtak som ein kan klaga på etter vilkåra i forvaltningslova § 28 og pbl § 1-9. Klagefristen er 3 veker i frå løyvet vert motteke.

Grunnlag for løyvet

Nabovarsel: Ingen naboar.

Plassering: Tiltaket er i samsvar med avstandskrava til nabogrense, annan bygning, høgspenline og veg.

Planstatus: Tiltaket er i samsvar med bebyggelsesplan Blokkebærholmen og vert plassert innanfor sjøareal som er regulert til privat småbåthamn . Med bakgrunn i tiltakets plassering innanfor regulert hamneområde har kommunen ikkje funne det naudsynt å senda søknaden til fiskerimynda til uttale, då dette er avklart i planprosessen. Tiltaket krev ikkje ytterlegare løyve frå andre myndigheter.

Merknader

- Rekning for behandlingsgebyr iflg. vedtekne gebyrregulativ vert sendt frå Økonomikontoret til søkjar.
- Alle lovtilvisingar i dette løyvet kan ein finna under internettportalen: **www.dibk.no**

For rådmannen i Kvinnherad

Jon Harald Kjærland
Saksbehandlar

Kopi til:

Referatsak forvaltningskomiteen
Matrikkelen